

Helse Vest RHF, ved Herlof Nilssen  
Helse Fonna HF, ved Olav Klausen  
Helse Fonna HF, postmottak

**Dykkar ref:**

**Vår ref:**

2016/2590 -  
19108/2016

**Sakshandsamar:**

Hilde Rudlang 51 96 38 15

**Dato:**

21.06.2016

## **Sluttrapport frå prosjekt for Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan**

Prosjektleiari sender med dette over sluttrapport frå prosjektet for Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan. Sluttrapporten blir å finne på nettsida til Helse Vest, [Odda og Stord sjukehus 2016](#).

Prosjektet Stord og Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan, blei starta opp i mars 2016. Det var to prosjektgrupper - éi for Stord sjukehus og éi for Odda sjukehus, med felles mandat. I mai bestemte prosjekteigarane at prosjektet for Odda sjukehus fekk utvida mandat og forlenga prosjektperiode. Prosjektet for Stord sjukehus leverer sluttrapport som planlagt, i juni 2016.


Den vedlagte sluttrapporten gjeld derfor primært for Stord sjukehus, men omhandlar også til ein viss grad Odda sjukehus. Dette heng til dels saman med at prosjekta gikk parallelt med felles mandat, men ikkje minst fordi både Stord og Odda sjukehus er del av eit samla spesialisthelsetenestetilbod i Helse Fonna, saman med Haugesund sjukehus.

Prosjektet har vist at det er særdeles viktig å bygge opp ein felles kultur i heile Helse Fonna, med felles fagleg utvikling og felles fagprosedyrar for alle tre sjukehusa. Å få på plass gjensidig samarbeid om ei avklart oppgåvedeling, der det store sjukehuset i praksis er ei støtte for dei mindre sjukehusa, blir vesentleg framover. Det krev godt samspel mellom medarbeidarar og leiing på alle nivå.

Desse forholda blir spegla i dei tilrådde hovudprinsippa for utvikling av Stord sjukehus, slik dei kjem fram i prosjektrapporten. Prosjektleiari legg til grunn at alle punkta i tilrådinga blir følgt opp, og at dette er ein føresetnad for at den tilrådde vidareføringa av akuttfunksjonane skal stå ved lag.

Vidare legg prosjektleiar til grunn som ein føresetnad, at stadleg leiing bidrar til felles kulturbygging og fagutvikling, og varetar behovet for gjennomgåande leiing i Helse Fonna og for samhandling og dialog med kommunane.

Vennleg helsing



Helge Bryne  
prosjektleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

All elektronisk post til Helse Vest skal sendast til postmottak: [post@helse-vest.no](mailto:post@helse-vest.no)

Vedlegg  
Rapport frå prosjekt for Stord sjukehus